

Til stades: Therese Helland, Silje Vangsnes, Liv Grimsbø, Eivind Skaar, Karoline Gram.

Sak 1: Skulereglar

Skulereglane vart oppdatert i haust på grunn av ny opplæringslov, er elles ingen nye endringar.

Brosjyre om skulestart:

Alt som ligg i dette heftet vert lagt ut på heimesida til skulen. Her finn ein info om historia til skulen, mål til skulen, satsingsområder, tverrfagleg undervisning med meir.

Kort om begynneropplæringa til 1-4, Dekomp med høgskulen og Class.

Bursdagsfeiring: Det kom innspel om at det hadde vore veldig store bursdagsfeiringar med opp til 7 stk som feira i lag. Det kan vere både for dyrt og for stort for ein del familiar. Vi tilrår at det ikkje er fleire enn 3-4 stk som feirar bursdag i lag, eller at ein finn på eit alternativ til gåve som ikkje vert så inngripande. Maks 50 kr i gåve.

Leik for alle – kva er det? Vi snakka om kva det har betydd for skulen. Vi såg ein del av siste episode av: “Time Out”. Leik for alle har fått til saman 70 000kr til å nytte til utstyr med meir.

Mosaik: Det er tid for Mosaik neste skuleår. Vi kan vurdere å søke om midlar til Mosaik fordi mellom anna bruk av Førdehuset har kostnad. Kan vi tenke å ha framsyninga i skuletida i gymsalen? - då må vi evt. dele opp. Vi er ikkje komt langt nok i planlegginga til å seie noko om det enda. Vi startar planlegginga i haust.

Det vart tatt opp på møtet korleis ein ligg ann med skuleflytting. Vi veit ingenting enda, men det er viktig at FAU her er i dialog med FAU på FUSK.

Permisjon frå undervisning: Pr no må rektor godkjenne all fråvær frå og med ein dag. Til hausten vil dette kunne bli endra til at lærar også kan godkjenne. Endeleg informasjon vil komme.

Skulemjølk: Kan vi endre i brosjyra at ein har to “fristar” på å bestille mjølk? Ein på haust og ein etter jul? Då slepp ein at det vert mange ulike lister for lærar og elev å forhalde seg til. No kan det vere endringar kvar veke.

Sosiale mediar: På foreldremøte til 5AB vart det snakka om at ein bør ha ei fråsegn om at ein ikkje har sosiale mediar så lenge ein går på Førde barneskule. FAU skal sjå på dette til hausten og legge fram informasjon på foreldremøtet. Vi kan ikkje forby sosiale mediar men kan innarbeide nokre felles bestemmelsar for elevane.

Tidfeste møter for 25/26:

FAU: 16. September 17.30 - 19.00

SU: 14. Oktober 17.30 - 19.00

FAU: 11.november 17.30 - 19.00